



## Årdal Eldreråd

Møtedato: 25.08.22, Møterom: Vikadalen, kl: 12:00

**Tilstades:** Steinar Drægni, Odveig Borlaug, Patricia Seglem Læg Reid.

**Fråværande:** Ida Thune, Oddgeir Øren, Odd Øvergard.

Møtet starta med å diskutere samtalen på messenger-sida til eldrerådet. Leiar har vore i kontakt med Anne Kauppi ang praksis rundt det å flytte møter på kort varsel og vara-ordførar informerar at møter vert flytta og leiar har fullmakt til å gjere dette utan å dokumentera grunnar til dette. Dette skjer i Formannskapet og kommunestyret. Så saka bør leggast dau.

Det blei og nemt at innkallinga denne gongen var ein god måte å gjere det på.

### Sakslista:

#### 022/22 Kvilebenkar

3 benkar sett ut, 1 benk rauk i raset oppe i Utladalen tidlegare i år. Det er ikkje ynskjeleg å erstatte denne. Men er der behov/ynskje om fleire benkar og eventuelt kor, både Tangen og Øvre. Det er ynskjeleg for delar av Eldrerådet å kanskje få 1-2 benkar på moloen på Hæreidsida på Tangen.

Benkane er bestilt frå ei ASVO bedrift, benkane var solide og tunge.

Eldrerådet bestille inn 3 nye benker, 2 til Tangen og 1 i reserve.

*Saka teke til viten.*

#### 023/22 Oppnemning av brukerrepresentant i felles brukarutval i Sogn og Fjordane

Leiar i Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Øystein Wangen, har teke Leiar i eldrerådet med i diskusjon om å finne ein representant til dette utvalet. Eit irritasjonsmoment var at Sogndal Kommune hadde plukka ein representant i sine egne rekker. Så Øystein Wangen har Årdal sendt inn forslag på. Det er og etterspurt informasjon om valprosessen.

*Saka teke til viten.*

#### 024/22 Møte for kommunale eldreråd i Bergen, Vestland fylkeskommune:

Møtesekretær sende ut ein invitasjon til Møte i regi av Vestland fylkeskommune. Innviasjonen kom ut til Eldrerådet etter søknadsfristen var over (pga ferie), men møtesekretær fekk fiksa det så me fekk melde på deltakarar alikevel.

Odd Øvregard er påmeldt.

*Saka er teke til viten.*

#### 025/22 Ny renovasjonsordning

Dessverre kunne ingen frå Kommuen som har ansvar for dette området delta på møtet i dag (ferie og kurs).

Steinar (leiar i eldrerådet) har vore i kontakt med Stine Ohrvik og der er minimalt eller ingenting er vedteke endå, men området er strengt lovstyrt og Årdal må gjere endringar. Ellen Petrine Fretheim inviterast til neste møte.

*Saka er teke til viten.*

#### 026/22 Eldredagen

4. oktober. Bakeriet. Klokkeslett: 12:00 (dørene opnar 11:30). Dugnad for eldrerådets medlemmer frå kl. 10:30.



## Årdal Eldreråd

Møtedato: 25.08.22, Møterom: Vikadalen, kl: 12:00

Musikken: Odd er i samtale med Indre Hafslo spelemannslag. Alternativ: Ivar Seim og Jonny Asperheim?

Det er ynskjeleg å få med Ordførar Hilmar Høl på samlinga.

Ved behov om fleire møter ang eldredagen vert det kalla inn til dette.

*Saka teke til viten.*

### 027/22 Ymse

- Marianne - Sogn Sparebank har eit opplegg dei ynskje å tilby for eldre i kommunen og gjerne i samarbeid med Eldrerådet. «**Datastova**»  
Dette går på å gjere eldre trygge på nettbanken sin, spesielt no som der er så mangen måtar å idetifisere seg på på nett.  
Der vert ein fellesdel som går på «svindel og identitetstjuveri».  
Andre del av kurset vert meir ein til ein med direkte bistand. Deltakarane må ta med dupeddittane sine.  
Påmelding kan vera lurt, for å tilpasser gruppen med tanke på å få til ein produktiv ein til ein runde.  
Annonsen i avisa er ein moglegheit. Sogn sparebank kan ta utgiftene med annonsering og enkel servering. Annonserer med ein dato til å byrja med, overstige antallet ca 20 så må ein vurderer om ein setje opp ein ny dato for vidare påmeldingar.  
I tillegg kan eldrerådet bistå med å henge opp plakatar på logiske stada i kommunen.  
Tilpassa ringbussen eller så kan eldrerådet ta kostnaden med transport av deltakarane til og frå lokalet.  
Eldreråde ser på lokarler og sende i retur forslag til datoar. Startar opp med Tangen, kantina.
- Patricia etterlyser oppdatering på Helsehuset på Tangen:  
Steinar (Leiar Eldrerådet) ringe Mette Hestetun Berg (kommunalsjef Helse og omsorg): Ho kan fortelje at tomt er under avklaring. Før ein kan informere meir må utvalet og formannskapet informeras. Det vert moglegheit for å kommentera før saka vert lagt fram i Kommunestyret.  
Framdriftsplan – kommunen jobbar for å avklare tomte så det kan bli teke opp i fyrstkommande kommunestyremøte 23. sept.
- Kva skjer ang eit datakurs som Steinar (Leiar Eldrerådet), Patricia (Nestleiar Eldrerådet), Odd (Eldrerådet), Jessica Smith (Biblioteket) og Heidi Skeie (Leiar Ergo/Fysio) var i diskusjonar om å setje i stand. Det har dessverre rent litt ut sanden. Steinar sjekke med Heidi om å få til eit tiltak på Eldresenteret på Tangen.
- Steinar tek kontakt med Georg Rentler Neuman (Nettopp). Skaffe tilbod på stor skjerm og PC til Eldresenteret på Tangen.

*Ymse tatt til viten.*

---

Odveig Borlaug

---

Steinar Drægni